



Giske kommune
historisk og framtidsretta

FRAMLEGG TIL FORSKRIFT OM TELJEDATOAR RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR I GISKE KOMMUNE

~~Vedtekne i Giske kommunestyre 14.12.2017. Sist reviderte i 2025.~~

TELJEDATO I DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE

Tilskotsgrunnlaget for utmåling av tilskot til dei private barnehagane er to år gamle rekneskap for dei kommunale barnehagane. Tal på barn i kommunale barnehagar skal leggst til grunn for utrekning av stykkprisen til driftstilskotet.

~~Tal på barn i dei kommunale barnehagane per 1. januar i rekneskapsåret skal vektast med 7/12.~~

~~Tal på barn i dei kommunale barnehagane per 15. desember i rekneskapsåret skal vektast med 5/12.~~

TILSKOT FOR VÅRHALVÅRET

Tal på barn i private barnehagar per 15. desember i året før tilskotsåret skal leggst til grunn for utrekning av tilskot til dei private barnehagane for perioden 01.01. – 31.07. Tala blir henta frå årsmeldingane til barnehagane og frå Oppvekstportalen til Giske kommune. Desse tala skal samsvare.

TILSKOT FOR HAUSTHALVÅRET

Tal på born i private barnehagar per 15. august i tilskotsåret skal leggst til grunn for utrekning av tilskot til dei private barnehagane for perioden 01.08.-31.12. Tala blir henta frå Oppvekstportalen til Giske kommune. Barn som skal ta til på skulen hausten for tilskotsperioden kan ikkje vere med i telje- og tilskotsgrunnlaget.

EKSTRA RAPPORTERING AV BARN

Flyktningbarn

Uavhengig av dei vedtekne teljedatoane, kan det etter avtale med Giske kommune ytast tilskot til private barnehagar som gir tilbod om plass til flyktningbarn som skal busetjast i kommunen, eller som er busette i kommunen.

Særskilde behov og sosiale omsyn

Uavhengig av dei vedtekne teljedatoane, kan det etter avtale med Giske kommune ytast tilskot til private barnehagar som gir tilbod om plass til barn der det er særskilde behov eller sosiale omsyn som det må takast omsyn til. Behovet må dokumenterast.